Voss herad

VA

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dato: 27.05.2021
Vår ref.: 20/04783-7

Dykkar ref.: 2020/35240
Høyringsinnspel til Vestland vassregion

Regional vassforvaltningsplan for Vestland
Høyringsinnspel frå Voss herad

Voss herad ser positivt på arbeidet med å sikre ein felles, berekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ynskjer å vere ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta kan nåast.

Voss herad er opptatt av vern om vassmiljøet.

- Næringsavdelinga jobbar aktivt ved akutt ureining i landbruket, og ved langsiktige tiltak for resipientar med lågare kvalitet.
- Dei fleste resipientane i Voss herad er ferskvatn og vassdrag. Kommunen har difor gjennom mange år utført resipientundersøkingar, og bygd høggradige reinseanlegg i tråd med regelverk for å ta vare på desse sårbare resipientane.
- Hovudreinseanlegget på Gjernes (dimensjonert for 20.000 pe) overheld reinsekrava satt i utsleppsløyve.
- Det er utarbeid hovudplan for avløp og vassmiljø gjeldande frå 2016-2026. Denne planen skal reviderast då Granvin herad og Voss kommune er slått saman frå 2020. Ny plan vil gjelda for Voss herad.
- Utarbeiding av miljøplan: Vossaklima 2030.
- Nytt drikkevassanlegg og avløpsanlegg for Myrkdalen er under planlegging grunna auka behov og belastning. Hovudplan er vedteke i Voss heradstyre 18.06.2020.

Voss herad skal, i ny planperiode, halde fram med å syte for at lovpålagte oppgåver, i tråd med tiltak i vassforvaltningsplanen, vert utført. Vidare skal til dømes problematikk rundt spredt avløp og ureining frå landbruk få meir fokus i neste planperiode. Heradet skal jobba meir aktivt med samarbeid på tvers av avdelingane, og syta for meir informasjon ut til innbyggjarane.

I høyringsbrevet til Vestland Fylkeskommune er det beskrive at dei ynsker tilbakemelding på om kunnskapsgrunnlaget om miljøtilstand og påverknadar er rett omtalt i plandokumenta og i databasen Vann-nett. Dette kunnskapsgrunnlaget er vurdert som rett, og samsvarar med resipientundersøkingar. Voss herad kjenner ikkje til påverknadar som ikkje er vurdert i plandokumenta. Voss herad er einig i miljømåla beskrive i planen og dermed samd i intensjonen med vassforvaltningsplanen om å sikre et heilskapleg vern og berekraftig bruk av kystvatn og vassdrag.

Den regionale planen bør vise tilstand og tiltak for vassførekomstane i den einskilde kommune, gjerne som eige vedlegg, slik at det lettare kan bli ein sterk lokal forankring og forståing av planen.

I samband med at Vestland fylkeskommune ber om synspunkt på utkast til vassforvaltningsplan, tiltaksprogram og handlingsprogram har det vore invitert til høyringsmøte. Voss herad set pris på desse møta, men dersom me skal kunna dra nytte av dei, lyt samlingane verta lagt tidlegare i høyringsperioden. Berre slik kan me vareta eiga sakshandsaming og evt politisk saksgang samstundes som me får med oss dei gode innspela som kjem fram i høyringsmøta.

Med vennleg helsing
Torbjørg Austrud
Kommunalsjef Tekniske tenester

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur